

# Spirometri (pusteprøve)

---

**Spirometri er ein pusteprøve som måler lungefunksjonen din. Pusteprøven måler kor mykje luft du maksimalt får til å pusta ut i eitt sekund (FEV1) og totalt (FVC), og kor raskt du får til å pusta ut (PEF) etter maksimal innpust. Resultata vert mellom anna brukt til å vurdere alvorgrad av lungesjukdom og til å måla sjukdomsutvikling og effekt av behandling.**

## FØR

For at testen skal gje mest mogleg rett resultat er det viktig at du:

- Unngår å eta eit større måltid 2 timar før undersøkinga
- Unngår bruk av tobakk undersøkingsdagen
- Ikkje trenar siste 30 minutta før undersøkinga
- Unngår bruk av alkohol siste 4 timane før undersøkinga
- Unngår å ha på klede som strammar/hindrar pustebevegelse

Viss mogleg må du unngå fylgjande medisinar:

- Korttidsverkande inhalasjonsmedisinar/anfallsmedisinar dei siste 12 timane før undersøkinga (T.d. Ventoline, Bricanyl m.fl.)
- Langtidsverkande kombinasjonsmedisinar til inhalasjon siste 2-3 døgn (T.d. Relvar, Symbicort, Seretide, Inuxair m.fl.)

Alle andre faste medisinar skal du ta som vanleg.

Dersom du føler deg dårleg i pusten kan du ta inhalasjonsmedisinane dine som vanleg. Det er då viktig at du noterer ned tidspunktet du tok medisinen. Nokre medisinar kan påverka resultatet av pusteprøven, og du bør derfor alltid opplysa om kva medisinar du har teke når du kjem til undersøkinga.

## UNDER

Me startar med å måla høgde og vekt. Ved undersøkinga skal du sitja og pusta gjennom eit munnstykke med ei naseklype på nasen. Du får rettleiing av sjukepleiar under pusteprøven. Rett utført pusteprøve kan vera anstrengjande, og du kan bli svimmel og få hoste under undersøkinga, men dette går fort over. Nokre gonger ønskjer legen å gi deg ein inhalasjonsmedisin som skal verka i minst 15 minutt, før du tek ein ny pusteprøve. Dette blir mellom anna gjort for å vurdere effekt av medisinen.

## ETTER

Når pusteprøven er gjennomført, vil legen gje deg informasjon om resultatet.

## Kontaktinformasjon

Har du spørsmål, ring oss gjerne på telefon 55 97 38 70/75 mellom kl 08.00 og 15.30 måndag-fredag.

## Les meir om undersøkelsen

<https://nhi.no/sykdommer/lunger/undersokelser/spirometri/>